


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2 FEBRUAR 1978 28. årgang


## KYRKJA I TRAFIKKEN

På mange vis er kyrkja komen på kollisjonskurs med det moderne samfunn. Dette er godt og gledeleg. Guds menighet må ikkje vike unna for å forkynne evangeliet eller presentere Guds lov i ei vond verd. Brotet på kristent menneskeverd i abortpolitikkn er vel den alvorlegaste kollisjon mellom åndsretningar vi har hatt. Om ikkje kyrkja held fram med å ha klar basun i dette, så er det likså godt å gi opp å kalle seg ein kristen menighet. Men det vrimlar av andre vesentlege spørsmål der vi må kjempe med blanke våpen også. Det gjeld barneoppdraging og ungdomsvern. Den som driv med konfirmantundervisning får klårare og klårare avslørt kor milelangt det er mellom eit kyrkjeleg engasjement og folks syn på konfirmasjonen. Om menigheten her skal ta sitt ansvar alvorleg så ligg det konfliktstoff i haugevis og ventar på oss. Og ein får heller ta konfliktene enn å drive med gjøgleri. Vi trur ikkje det blir fredeleg å vere kyrkje i åra som kjem. Ja, det er ønskjeleg at det ikkje blir fredeleg. «Eg er ikkje komen for å skape fred, men strid», seier Jesus i ein slik samanheng. Det er åndskrefter som kjemper i vårt folk i dag. Om Guds menighet da ikkje er rusta til kamp vil vi bli et lett bytte for dei djevelske kreftene. «Fred er ei det beste, men at man noe vil», er eit nyttig visdomsord å ta med på vegen.

## SPANIATUR

8. november - 29. november 1978 blir det arrangert tur for *eldre og helsesvake* til Solgården i Spania frå Orkdal prestegjeld. Flyet går frå Værnes og kjem attende dit. 3 vekes tur med opphald (hus og kost og assuranser) kostar 3.200 kr. I tilfelle ein vil ha enkeltrom blir det 3.700. Elles er det dobbeltrom. Reiseledar blir Inge Eidhamar. Elles blir det med lege og sjukepleiarar frå Orkdal. Ein får oppleve spansk miljø og natur, og får ha fint felleskap med kvarandre så langt som ein ønskjer det alle 3 vekene. Det er både norsk og spansk direktør ved Solgården. Dei som er interessert i soltur til Spania i novembertåka her kan kontakte Inge Eidhamar for nærare opplysningar. Sjå elles s. 8.

## Fastetid

Midt i all forvirring over nye søndagsnamn og tidleg påske er vi alt med full fart inn i fastetida. La oss sørge for at faste ikkje berre blir ei uttrykksform Når politikarar endeleg dristar seg til å snakke om ei stabil livreim som ikkje kan utvidast meir, burde den kristne menighet forlengst ha stramma vesentleg inn.

Det skal stemme sinn og tanke til å sjå Jesu einestående kamp for vår frelse. Fasta skal opphøgje Jesu liding til ein dyrebar skatt i menneskelivet. Meditasjon og bønekamp med Jesus er påkrevt. Det er stor diskusjon om vonde ånder i våre massemedia. Den menighet som nektar den personifiserte vondskap har blitt blinda av vondskapens propagandakampanje. Jesu kamp var ein kamp mot djevelen. («Vik bak meg Satan»!). Den kristne menighets kamp er ein kamp mot den vondes åndeher.

Men faste får også andre praktiske utslag, delinga av godene. Kirkens Nødhjelps fastebøsser er utfordringa. Vi har bilde av ei jente i slummen i Calcutta. Olav Hodnes veldige program om utflytting til jordbruksområder er i full gang. Vidare arbeider Kirkens Nødhjelp i flyktningeleirane i Thailand, i Sør-Amerikas trøsteslause slum, med stort utviklingsprogram i Sør-Sudan osb. Fastebøssene bør bli brukt som aldri før.



## SLEKTERS GANG

### Døpte



**Orkland**

8. 1. Anette Mostuen

**Orkdal.**

15. 1. Jan Kristian Eriksen
Ronny Eide
Lena Johnsen



### Vigde

**Orkanger**

7. 1. Per Walmsness og
Eldbjørg Hoff

**Orkdal.**

19.11. Magnar Dagfinn Voll og
Ann Mari Engløkk (Molde k.)

### Døde



**Orkland**

31.12. John Bernhard Valstad f. 1890
12. 1. Ida Asbøll f. 1890

**Orkdal.**

8. 1. Sverre Andreas Skjetne f. 1914
9. 1. Arne Hokolegg f. 1904

**Orkanger**

28.12. Gjertrud Jønsberg f. 1890
2. 1. Petter Ebbesen f. 1906
6. 1. Ole J. Røhmesmo f. 1902

**Geitastrand**

1. 1. Olaf A. Sletvold f. 1904

## Offerkvitteringar 1977

*Det norske misjonsselskap*
Orkland 1.690. Orkdal 7.706. Orkanger 1.243. Geitastrand 502. Tils. 11.141. (29.058)

*Den norske santalmisjon*
Orkdal 1.395. Orkanger 385. Geitastrand 420. Tils. 2.200 (3.463)

*Norsk luthers misjonssamband*
Orkland 4.115. Orkdal 39.052. Orkanger 677. Geitastrand 1.020. Tils. 44.864 (2.063)

*Bibelmisjonen (D.n. bibelselskap)*
Orkland 600. Orkdal 850. Orkanger 400. Geitastrand 2.065. Tils. 3.915 (2.762)

*Misjon bak Jernteppet*
Orkdal 1.135 (1.680)

*Kirkens Nødhjelp*
Orkland 2.633. Orkdal 13.822. Orkanger 2.095. Geitastrand 2.200. Tils. 10.750 (7.976)

*Den norske sjømannsmisjon*
Orkdal 965. Orkanger 570. Geitastrand 305. Tils. 1.840 (1.669)

*Norsk søndagsskoleforbund*
Orkdal 902. Geitastrand 500. Tils. 1.402 (1.220)

*Indremisjonsselskapet*
Orkland 1.218. Orkdal 1.367. Orkanger 401. Geitastrand 205. Tils. 3.191 (4.697)

*Samemisjonen*
Orkdal 763. Geitastrand 280. Tils. 1.043 (903)

*Norges Kr. ungdomsforbund*
Orkanger 136 (357)

*Kristent soldatarbeid*
Orkdal 728. Orkanger 450. Tils. 1.178 (0)

*Menighetsfakultetet*
Orkland 357. Orkdal 1.142. Orkanger 532. Geitastrand 400. Tils. 2.431 (1.928)

*Institutt for Kristen Oppseding (IKO)*
Orkland 568. Orkdal 670. Tils. 1.238 (511)

*Barnevernsinstitutttet — Tr.heim.*
Orkland 355. Orkdal 941. Tils. 1.296 (1.222)

*Modum Bads Nervesanatorium/ Sjelesorgsinstituttet*
Orkland 2.830 (3.020)

*Norea Radio*
Orkdal 2.900 (0)

*Norsk Gideon HKF*
Orkdal 634 (0)

*Kristne arb. forbund*
Orkdal 785 (616)

*Søvasskjølen fjellkyrkje*
Orkland 750. Orkdal 983. Orkanger 593. Geitastrand 460. Tils. 2.786 (4.783)

*Orkdal kyrkjes orgel*
Orkdal 3.220 (2.250)

*Skolelaget Follo*
Orkdal 912 (2.345)

*Spidararbeidet*
Orkland 1.040. Orkdal 484. Tils. 1.524 (510)

*Menighetskassa*
Orkland 9.437. Orkdal 6.951. Orkanger 5.625. Geitastrand 1.602. Tils. 23.615 (12.546)

*Orkanger menighetshus*
Orkanger 2.005 (1.379)

*Orkanger bl.kor*
Orkanger 658 (420)

*Offer i alt:*
Orkland 25.670 (20.324)
Orkdal 78.869 (53.774)
Orkanger 15.883 (10.913)
Geitastrand 7.929 (8.671)
For prestegjeldet 128.351 (92.682)
Tala i parantes gjeld året 1976.

## Kyrkjestatistikk 1977

Tala i parantes gjeld 1976.

Gudstenester 135 (144)
Møter v. prestane 407 (318)
Off. styremøter 87 (81)
Sjuke- og sjelesorgbesøk 566 (555)
Andakt aldersh. sjukehus 113 (112)
Skolebesøk 33 (31)
Fødte 88 (101)
Døpte 90 (126)
Konfirmerte 150 (141)
Vigslar 43 (52)
Borgarleg vigsel 3
Nattverdgjester 1.552 (1.558)
Jordfesta — døde 159 (125)

## Indremisjonens vintermøte

er i Salem, Trondheim 25. - 26. februar. Hovedtaler er professor Carl Fr. Wisløff. En venter også denne gang god tilslutning fra både Nord- og Sør-Trøndelag.

Mandag 27. februar er det *kvinnestevne* samme sted. Begynner kl. 11.00. Taler C. Fr. Wisløff.

*Dagens telefonandakt*
Ring (075) 23017.




**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør: **Inge Eidhamar**
Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironr.: 32 68 72.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.


### Mange og store gåver

er kome inn til Søvasskjølen fjellkyrkje i 1977. Vi takkar alle gjevarar! 1978 blir det avgjerande året for kyrkjesentret. La oss vere raskt ute med vår støtte. Vi tek imot pengar, tømmerstokkar, utlodningsgjenstandar o.l.



## Optimisme

Vi er ulikt skapt! Men redaktøren av Orkdal menighetsblad er fødd optimist. Det er i herleg gåve. Det vi har opplevd som sant og rett, det veit vi ein dag vil gå av med sigeren. Guds makt er sterkare enn all vondskap samla på eit brett. Kristentrua skapar glede og livslyst.

Der vi møter motgang er vi sikre på at det skal skje noe spesielt. Det som ein arbeider på som må kjempast fram i motgangs vind, det veit vi blir solid tufta i Guds råd. Derfor er det også mitt i smerten ei glede å kjempe. Ein får sjå så mange av Gudsrikets herlege frukter.

Når eingong all kamptid er slutt — da frydar vi oss alt i dei opplevingar som der ligg og ventar på oss. Optimismen er det evige livs glade våpenbror.

**Støtt reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje.**

Hugs postgiro 3 67 54 36 — 7310 Gjølme. Vi har også konti i bankane i Orkdal. Kvart innsendt bidrag er til hjelp for oss både økonomisk og moralsk i arbeidet for å få reist dette viktige kyrkjesentret.

## PÅ FLUKT

Jeg sitter og ser på billeder jeg har liggende på skrivebordet. Det ene er en gjengivelse av Murillo: Flukten til Egypt. Det er Maria og Josef med Jesusbarnet. Mennesker på flukt for mennesker. Slik har det vært i årtusener. Det vitner ikke minst det andre bildet om, hentet fra vår egen tid: En eldre blek og sliten kvinne som sitter der mellom tøybulter og surrede pappesker. Med et forstenet uttrykk i øynene sitter hun og venter .... venter. Vet vel selv knapt på hva. Bildet mangler Murillos skjønne farver og vakre drag. Men det gjør ikke noe. For flukt har aldri vært kilde til noe vakkert liv mellom mennesker. Dagens trøsteløse syn over jorden er det store tog av flyktende, fortvilte mennesker. I det fjerne såvel som i det nære Østen finns et utall av tragedienes leire. «Graver og kors er merkesteinene ..». Alltid har mennesker vært på flukt. Men det tyvende århundre har mer enn noe tidligere århundre stått i de flyktendes tegn. Aner vi hva det betyr: Millioner på millioner av mennesker i landflyktighet?

Det hender at en syns oppgavene er så veldige at en bare kan gi opp. Hva kan den enkeltes beskjedne håndsrekning hjelpe i et slikt fortvilet kaos? Men kristen er en slik tankegang ikke. Ikke menneskelig normal heller. For det er jo nettopp summen av de tusen frivillige henders hjelp og arbeid som samlet monner. — Vi har nettopp feiret jul under helt andre forhold. Og når nyårets forhandlinger om lønn og økt kjøpekraft kommer på skjermen, kan det saktens gi oss alle momenter til etteranke. Ennå toner da juleevangeliets glade hilsen og kjærlighetens evangelium i sinnet. Det er som gjenklangen former seg til Skriftens egne ord: «.. og din neste som deg selv».

At givergleden er stor i vårt land når det gjelder medmenneskers nød fikk vi nylig et fint eksempel på da «Kirkens Nødhjelp» hadde sin innsamling. Et skippertak som vel vil følges opp av det jevne arbeid for samme sak rundt om i vårt land. Og det blir også en av oppgavene til det nye menighetsråd å hjelpe til med å legge forholdene slik til rette at tanken på flyktningenes nød alltid er levende, og oppmuntre til at alle fortsatt kan rekke hånden ut til den flyktende — til medmennesket.

*J. M.*

# Kristent ansvar

Som kristne har vi ansvar for vår bror, ikke bare for hans «frelse», men og for heile han. Vi har ansvar for at han kan spise seg mett, har klær på kroppen og ikke blir forfulgt for sin overbevisnings skyld. Før jeg går videre vil jeg si noen ord om hva jeg legger i uttrykket vår bror, vår bror er det mennesket vi kan gjøre noe for, om det er nært eller fjernt spiller ingen rolle, dette mennesket jeg så ofte går forbi.

Ingen vil protestere på dette. Spørsmålet er bare hva vi i praksis gjør, og hva vi burde gjøre. I den sammenheng vil jeg minne om det enkle faktum at samfunnsforholda i et land er avgjørende for hvilke forhold folk må leve under. Dersom samfunnet er bygd opp slik at folk blir fratatt muligheten til å få tilfredsstilt de mest grunnleggende behov, for eksempel behovet for mat, er det vår plikt å arbeide for å endre samfunnet. Det er ikke nok til å hjelpe enkeltmennesker i et land der det er noe galt med sjølve samfunnssystemet. Et slikt system vil fortsatt «produsere» fattige mennesker etter at vi har berga noen fra sultedøden, det mest riktige må være at en ved siden av humanitær hjelp, gjør en innsats for å hindre at stadig fleire kommer i den situasjon at de trenger humanitær hjelp. Det jeg vil påpeke er at vi gjør for lite for å fjerne årsakene til at det fins så mange undertrykte og fattige mennesker rundt om i verda. Og årsakene er som vi alle veit en urettferdig fordeling av ressursene i verda og undertrykking innen de enkelte land. Å fjerne årsakene vil derfor si å arbeide for en meir rettferdig fordeling av bruken av ressursene og å endre forholda i de enkelte land. Det fins organisasjoner som arbeider for begge deler.

Det er en sentral side ved kristentroen at Gud vil rettferdighet. Vi kan være med å virkliggjør dette. Kampen for en meir rettferdig verden må vi gjøre til vår, den er nemlig vårt ansvar om vi vil eller ikke.

(For en nærmere vurdering av de teologiske spørsmål som knytter seg til dette anbefales «Svakheten ved evangelisk etikk», en artikkel i Credo (nr. 12 - 77). Lagets lederblad)

*Børre Olsen*

---

# La oss bruke vårt pund!

Vi er gått inn i et nytt år. Hva vil det bringe? Det har Gud i sin visdom skjult for oss. Men han vil gi oss en ny sjanse. En ny sjanse til å prioritere rett med vårt liv. Ett nytt års begynnelse er alltid et oppgjør med oss selv. Vi vet at vi ikke strakk til i året som ligger bak. Det vet også vår himmelske Far, men i sin nåde *lar* han oss prøve igjen. Han vet så inderlig godt at vi kommer til å falle og gjøre feil igjen og skuffe han gang på gang. Men tross i det satser han likevel på oss og vil ha oss til sine medarbeidere. *Kan vi fatte det*? Vi som med vårt hovmod selv vil ha æren når noe ser ut til å lykkes. Men Gud er så underlig stor at han tilgir oss også det, og bytter synd med nåde. Og så tilbyr han all kraft vi trenger, og Den Hellige And som lykte for vår fot. Han stoler på at når vi har gitt våre liv til ham, så mente vi det. Det står i en sang: «Og Frelsaren *lit* på deg det veit du vel — og *derfor* han bed deg å gå.» Hvordan har vi tenkt å disponere vår tid og våre penger i det nye året? Skal vi jage etter flere statussymboler, så vårt liv blir enda fattigere og enda mere kontaktløst? Nei, la oss som kristne våkne opp og se at det er *Gud* som har velsignet oss med alle godene vi har, og han vil vi skal forvalte gavene rett. Alt vi har er et lån, også vårt liv. Han vil kreve oss til regnskap en dag, hva skal vi svare da? La oss bruke det pund vi har fått til Guds ære.

*ags.*

---



*Sokneråda/menighetsråda*
har konstituert seg slik:

*Geitastrand:* Form. Gunerius Kjøren.
Nestform.: Asbjørg Husdal.
Sekr.: Gunhild Bjørnbet.
Kass.: Arnt Ofstad.

*Orkanger:* Form.: Agnes Singstad.
Nestform.: Audun Berg Slettahjell.
Sekr.: Egil Singstad.
Kass.: Harald Hukkelås.

*Orkdal:* Form.: Ivar Konrad Gangås.
Nestform.: Johan Hukkelås.
Sekr.: Bjørn Hansen.
Kass.: Gunnar Melås.

*Orkland:* Form.: Jostein Dalen.
Nestform.: Ragna Fagerli.
Sekr.: Jorhild Ljøkjel.
Kass.: Målfrid Kvikne.

**Lærar Per Solem**
er av det kyrkjelege fellesråd tilsett som kateket i Orkdal. Noen går, og noen kjem! Han Per har både gått og kome igjen! Han gjorde eit fint arbeid som menighetssekretær i den tida kallskapellanen ikkje fanst å få tak i. No kjem han altså attende som kateket. D.v.s. undervisningsledar i menighetene. P.g.a. skolearbeidet er det vanskeleg å få ta til i arbeidet i menigheten før sommaren.

*6 medlemmer av Ungdom i Oppdrag*
skal ha praksisveke i Orkland sokn 13. - 19. februar. Dei skal gå på husbesøk, vere med på konfirmanttimar, aldersheim, skoletimar, arrangere ungdomstreff, eldretreff, evangelisk møte m.v. Det er greie ungdomar. Ta godt imot dei.

Måndag 13.2 blir det møte hos Valborg og Gunnar Hoseth på Hoston. Tysdag 14. hos Marit og John Kvikne, onsdag 15. på Svorkmo misjonshus, likeeins fredag 17. Alle tilstellingar kl. 20. Torsdag 16. kl. 11 er det eldretreff på Svorkmo misjonshus, og søndag 19. kl. 16 gudsteneste i Moe kyrkje.





# Gåver til bladet

**Orkanger**

Petra og Arne Melby 20. Helene og Jon Asphjell 20. Reidar Elven 20. Ingeborg Rian 20. J. & O. Lorentzen 20. Trine & Hans Andersen 20. Solfrid & Rolf Nyberg 20. S. & J. Ofstad 15. Gunda & Johan Røhmesmo 25. Astrid Moe 10. Anne By 30. Martha Olsen 10. Ida Tungen 10. Nelly Sivertsen 50. Magne Staveli 50. Iversen 20. Johanna Haugen 20. L. & M. Solheim 10. Ingrid Størseth 10. K. S. Kjønli 10. Ingeborg Øyum 20. Johanna Skjenald 20. M. B. Mathisen 20. I. & S. Thorgaard 20. Lilly & Johan Evjen 20. Karen Pedersen 20. M. O. Eilertsen 20. Anne & Jan Ebbesen 20. Kjell Olav Bratlie 20. J. Berg 20. I. & J. Stokkan 20. Elfrid Sandgrind 20. Ruth Olsvik 20. Leif Øien 15. Mathilde Reitan 10. Anne Espås 15. Helga Helland 30. Marie & Erling Skjenald 10. Ole Kjøren 25. O. J. Røhmesmo 20. K. Lomundal 20. A. Jenssen 20. Anne Mellingsæter 20. K. & J. Rikstad 20. Agnes Sølberg 20. Anne Hoel 10. Helga Sørdal 10. Amund Olsen 10. Harriet Jæger 10. N.N. 20. Tormod Rønning 20. Annette Hansen 20. I. & H. Olsen 15. Saltness 15. Reidar Wehn 30. Ole J. Tungen 20. Jan Trønsdal 20. Kare Dragseth 20. Johanna Haug 20. Ane Skjetne 10. Ella Søderlund 10. Sverre Kvernmo 20. Hans Evjen 20. Randi & Otto Finstad 25. Aasta & Ivar Haug 40. Lars Svinsøy 10.

**Utanbygds**

Vigdis Vormdal, Oslo 20. Arne Skauge 20. Jorid Bråten 20. Lars Arve Fandrem, Asker 20. Eli Skaalvik, Aas 20. Astrid A. Toombas, Flateby 25. G. Bakke, Sørumsand 1920. Brit Skålholt Jensen, Jordet 20. Gudrun Svorkmo, Drammen 30. L. A. Bue, Svinevoll 15. Anna Kvåle Momrak 20. S. & K. By, Porsgrunn 20. Per Bakk, Sola 50. Johnne Nyland 30. A. H. Nødtvedt, Molde 20. I. Eriksen, Tømmervåg 20. Karen Hassel, Tr.h. 50. A. Hovsbakken, Tr.heim 10. Oline Wuttudal, Tr.heim 10. Arnulv Øyasæter, Tr.heim 30. Bjørg Jarstein, Tr.heim 20. Johanne Ulvær, Tr.heim 10. M. Henriksen, Tr.heim 15. S. & M. Vatslag, Tr.heim 50. Eli Ljøkild, Tr.heim 20. Solveig Bliksås, Tr.heim 15. Odd Buan, Klæbu 20. Anna & Johan Lillery, Heimdal 20. Anton Gangåssæter, Heimdal 20. Bjørg Reitan, Melhus 15. Johs. Skjetne, Støren 30. Ingeborg Skogen, Bjugn 20. Tor Isdal, Ingdalen 20. L. S., Ingdalen 20. Ingeborg Ingdal, Ingdalen 10. Johanna Muan, Meldal 20. Ragna & Knut Rise, Rindalsskogen 20. Gunhild Bakkenberg, Innset 15. Jorid Opsal, Levanger 10. Astrid Haugen, Steinkjer 15. Inger Akerøy, Grong 15. Ingeborg Sørensen, Bodø 20. Målfrid Elsbakk, Tranøy 20. Valborg Figenschou, Krokelvdalen 20. Kari-Ann Røen, Åsgreina 25. Ingrid Windspoll, Heimdal 40. Edel & Per Guldseth, Tr.heim 20. Anna Uvaas, Eggkleiva 20. Jostein Gjønnes, Levanger 20.

**Fannrem**

Randi & Levin Wongraven 20. Sivert Mælen 20. Marit Vevik 20. Nils Jerpstad 20. A. & L. Sognli 20. M. Wuttudal 20. Karen & Ola Aamo 20. Torkel Hallien 20. Eldbjørg & Ivar Solhusmo 20. Ingeborg & Reidar Sundli 20. Lovise & Arne Fossbakk 20. Klara & Bj. Sandstad 20. Randi & Ragnar Gjønnes 20. Per Ødyn 20. Egil Aamot 20. Marie Larsen 20. Klara & Ingebr. Bakk 10. Johan Bjørkli 10. Sverre Nyhus 20. Tora Østhus 20. Karen og John Haugen 20. Aasta Lefstad 20. Arne Kjøren 20. Martin Hansen 10. Odd P. Reiten 20. Johanna Berdal 10. Reidun Ljåmo 25. Ingeborg & John Krogsæter 25. Randi & Jon Oddan 20. Einar Grøseth 20. Karen Blåsmo 20. R. & H. Bakken 20. Martha Garberg 30. Ane Øyasæter 30. Mille Salthusmo 15. John Solhusmo 15. Nils Boksbu 20. Einar Gisvold 20. Kjell Løkken 20. Grete & Amund Wormdal 20. Oline Hokolegg 10. Beret & Hans Aunemo 20. Anders Sveeggen 20. Eli K. Metli 25. Sivert Rye 20. Jon Ljøkel 20. Arnhild Ljøkel, Tr.heim 20. Målfrid Rønning, Mlhus 20. Leif Løftamo 10. Gudrun Troøyen 10. R. A. Skålholt 50. L. Eriksen 25. M. & T. Mellingsæter 20. Klara & Jostein Fagerholt 20. Tora Hagen 20. Anne & Einar Nøsen 20. Sigrunn Eldevik 20. Jorunn & Jarle Tuflått 20. Anna Jakobsen 20. Magda & Sivert Tuflåt 20. Gunnar Pettersen 20. Sig. Tuflått 20. N.N. 30. Hallvard Morken 25. Marit & Johan Hukkelås 30. Eivind Volden 25. Lars M. Solem 25. Karen & Arne Kårmo 20. Anders Bjørndal 20. Sigrid & Osvald Karlsen 20. Ole Gjønnes 20. Johan Selnes 20. K. & E. Andersen 30. Bergitte & Arne Ljøkelsøy 20. Gunvor Solem 20. Asbjørg og Jarle Bratlie 20. T. Rønning 25.

**Orkland**

Anne & Arne Berbu 20. Beret Berbusmel 20. Knut Klefsås 15. Johanna Espås 15. Marit Svee 15. Karen Elden 10. John Valstadmel 25. Erik P. Tronvoll 25. Randi & John Vormdal 50. Ingeborg-Anna Monseth 20. Solfrid Høston 20. Erling Monseth 50. Alf Kamvik 50. Sofie & Rasmus Simoshaug 50. Anne & Jon Asbøl 25. Ola O. Monset 25. Kjellrun & Fredrik Simonsen 20. Albert Groven 20. Jostein Dalen 50. Helge Hoston 20. Andreas Groeggen 20. Else Tallerås 10. Anna & Ingebrigt Monset 20. Ola I. Monset, Raufoss 15. Aase Solem, Levanger 15. Anna Lium 20. Aslug & Anders Hoston 20. Ingvald Svorkmo 15. Molly & Erik Bjørnbeth 20. Bjarne Wahl 25. Brit Haugen 25. Valborg & Gunnar Hoseth 25. Anna Pettersen 20. Inger & Oddm. Midtlyng 20. Erling Svorkmo 20. Grethe & Georg Skjølberg 20. Astrid Opøyen 20. Skjoldvor Asbøll 10. Ingeborg Krogstad 30. Kjelfrid & Johan Tallerås 20. R. & E. Tallerås 20. Ruth & Jon Hoston 20. Kari Sæther 10. Erik Rye 25.

**Gjølme — Geitastrand**

Marta Knudsen 20. Erika & Aage Nørve 20. F. & K. Snøsen 10. H. Kiel-



*Menighetens årsfest*
Orkanger — Orkanger bedehus 12.2. kl. 19.
Orkland — Svorkmo misjonshus 12.3. kl. 19.

*Bibeltimar*
Orkanger (Orkanger bedehus)
1.2. kl. 20: Kaare Rogstad: Kristent offer.
15.2. kl. 19,30 (kjem istaden for biblt.)
Japankveld v. misjonsprest Helge Høen. Offer til NMS.
1.3. kl. 20: Inge Eidhamar: Jesus — Guds tenar og vår.

*Møteserie Orkanger kirke*
v. Bernt Sveås:
21., 22., 23., 26. februar kl. 19.30.

*Fannrem indremisjon*
har hatt årsmøte med god oppslutning. Gerd Åmot blei gjenvalgt som formann. Fannrem indremisjon driv no korttidsbarnehage på Megården med 20 innmeldte barn. Rekneskap for Megården bedehus blei og framlagt. Bortleige av huset skjer gjennom formannen i foreninga.

*Vårliv misjonssambandsforening*
har gjenvalgt John Fagerli som formann. Misjonsinntektene i 1977 var på 32.000 kr.



## Møteaksjon på Fannrem

I tiden 7.-19. mars innbyr Fannrem indremisjonsforening til møteaksjon i Megården bedehus der Kjell Tonheim og Toralf Aune vil være hovedtalere. Ellers deltar prestene og flere sangkrefter i møtene.

---

*Tømmerhogst* for Søvasskjølen fjellkyrkje startar opp igjen. Første hogstdag laurdag 4.2. Frammøte ved prstegardsskogen/Sveegga kl. 9,30. Ta med motorsag eller øks.

Kr. 60.000,— har Søvasskjølen fjellkyrkje fått i statsstønad til oppføring av lyslinje til kyrkjetomta.

---

land 10. Aage Garberg 50. Berit Mo 10. Jarle Bakkli 15. Marit Kvakland 20. John J. Jonson 10. Johanna & Nils Hansen 20. Astrid & Ole Elvbakken 20. Randi & Peder Aasen 25. S. Aagnes 15. E. Kjøren 20. Arnt Haugnes 15. Jenny Gjeten 10. Ingeborg Nilsen 10. Anders Ofstad 30. Hanna & Lars Sletvold 25. Randi Langvik 20. I. & A. Sletvold 20. Arvid Husdal 20. Edgar Nygård 20. Olga Eriksen 20. Bengt Haugnes 30. Sivert Sletvold 15. Ole Andøl 20. Odd Knudsen 20. Martha Kråkdal 25. Edvarda & Arne Sletvold 20. Ottar Sletvold 20. Ingeborg & Kristian Isdal 20.

**Orkanger**
H. Fiskum 10. Anna Wikdahl 20. Aslaug & Arne Mælen 20. Ragnar Karlsen 20. J. Lian 20. Kari Sæther 20. Berit & Olaf Meslo 20. Kirsti Halsen 20. A. Sivertsen 10. K. & J. Richter 30. Geirny Madsen 10. Eli Hagetrø 20. Asbjørg & Syver Svare 25. Erling Bye 20. Magnhild Solbu 10. Karen Dalen 10. E. Edwin 50. M. & I. Ustad 10. Ingebrigt Isdahl 20. Aslaug Brandli 10. Ragnar Strand 15. Elsa Andersen 35. Arne K. Togstad 10. Alfred Christensen 20. Helen Evjen 20. Jens Singstad 20. Borghild & Johan Langvik 20.
Hjartans takk!



Trykksaker
Svorkmo Prenteverk A/S
7330 Svorkmo

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER
Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.
Fotograf Kvarsnes
SE VÅR MUSIKKAVD. FOR ORGLER - GITARER o.s.v.
Tlf. 80 356 Orkanger

Orkdal Sparebank
Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)
Lørdager er alle kontorer stengt.

Konstads Bokhandel
Orkanger.
Bøker - Papir
Skolemateriell

80 år i bygdas tjeneste
Moderne butikk - Godt vareutvalg.
Bensin- og servicestasjon.
Velkommen inn.
Svorkmo Handelssamlag



*Sokneprestar i Orkdal*

## 15 Peter Marius Brodahl 1880—1885

Brodahl var født den 21/9 1822 i Kristiansand. Foreldra var tollkasserar Isak Peter Brodahl og hustru Maren f. Arup. I kallsboka for Rennesøy har han skreve om sitt eige levnetsløp og vi tar med noko av det han skreiv:

I Egersund, hvortil min fader forflyttedes, nød jeg undervisning, først av nuværende res.kap. til Nordnes(?) Johs. Berg, senere av nuværende sogneprest til Hurdal, A. Otterbeck, av hvilke den sidste var en grundig og dygtig lærer. I 1840 absolverede jeg artium med haud ill. og tok samme år 1. og 2dre avdeling av eksamen philogicum, men mangel på understøttelse nødte mig å forlate Christiania, og i de følgende år arbeidede jeg dels som huslærer og dels som lærer ved en av mig opprettet privatskole. Endelig ....... uden penger og uden utsikt til hjelp drog jeg over fjeldene fra Egersund til Christiania i den tanke å få fortsette mine studier. Jeg måtte imidlertid atter ut som privatlærer, denne gang ved en skole i Sandefjord.

I året 1848 fikk jeg en liten understøttelse av mine morbrødre, biskop Arup og provst Arup, og så lykkedes dt mig at absolvere den resterende del av 2dre eksamen i desember i 1848 og theol. embedseksamen i mai 1849. Straks derefter udnevnedes jeg til kirkesanger i Rakkestad, studerede der det lappiske, men uden å tage examen i dette sprog.

I desember 1854 erholdt jeg kaldelse som prest ved de norske evangelisk-lutherske menigheder i Bluemouths i Wisconsin i Nord-Amerika.

Etter at være blevet ordineret i april 1856 avreiste jeg og indtrådte i arbeid i disse besværlige menigheder. Jeg hadde indtil 18 prekensteder .... Besværligheden nedbrød mig helbred, så at jeg efter 12 års tjeneste i 1868 måtte vende tilbage til Norge. Her blev jeg først nådigst utnevnt i oktober 1868 til stiftskapellan i Bergen stift. Jeg bestyrede Sveio, Haus og Leikanger sognekald, samt forrettede som prest ved soldatkassernene. Siden blev jeg i mai 1870 udnevnt til sogneprest til Rennesøy.

Sålangt hans eige vita. I 1875 kom han til Lom som sognprest. Tre år seinare vart han også prost i Nordre Gulbrandsdalen prosti. I Lom kom han i konflikt med leidarane for friskolerørsla og norskdomsfolket. Her hadde Andreas Austli starta ein «norsk» friskole og dei som stod attom skoletiltaket hadde programmert at borna no måtte sleppa å læra dei kristne sannheter utenat, men bare ved å forstå og skjønne. Da så dotter til Hallvard Ofigsbø ikkje kunne heile Pontoppidans forklaring på rams, nekta Brodahl å konfirmera ho. Dette vart innrapportert til «kirkeoverstyrelsen» (departementet) og det kom straks beskjed til Brodahl at han hadde å konfirmere jenta. Denne saka vart opptakten til ei heil omlegning av katekismeopplæringa i Norge. Likeeins var nok dette årsak til at Brodahl straks tok til å søke andre embeter. I 1880 vart han sokneprest i Orkdal. To år seinare vart han også prost i Søndre Dalerne prosti.

Her i Orkdal fekk han særleg hjartelag for «småfolket»s kår på Orkedalsøren. Slik tok han initiativ til å få dannet: «Ørens Arbeiderforening». Han vart da seinare etter sin død — æra ved at biletet av han vart opphengt i arbeiderforeningens lokaler. Brodahl hadde ry for å vera ein sers god talar. Han rissta talene ut av trøyeermene, sa folk om han. Og det ordet gjekk at han aldri trengte å førebu seg. Det er somme som har det så lett, men da kan det også gå heilt gale einkvann gongen. Slik gjekk det og med Brodahl. Biskop Skaar hadde bede han om å preika på eit stiftsmøte i Trondheim. Da kom han heilt utav det og stod og «tøvet» på preikestolen. «Hadde jeg visst dette skulde jeg ikke ha bedt ham», skal biskopen ha sagt. Brodahl var elles ein interessert bonde og var sjølv med å dyrka opp «Sersjantflata». Han var også godt igang med planlegging for oppdyrking av «Oppå Moan» men han rakk berre å snauhogge området for bjørkeskog. Departementet hadde besemt at eit res.kap. embete skulle opprettast i Orkdal og da måtte embetsinektene til soknepresten bli noko redusert. Dette vart årsak til at Brodahl søkte soknéprestembetet i Støren og dit flytta han i 1885. Prostembetet tok han med seg. (Orkdal og Gauldal prosti var den gongen 1 prosti (søndre dalerne prosti).

Brodahl var gift to gonger: Første gong med Johanne Kathrine Hauff. dtr. av kjøpmann og konsul N. T. Hauff i Sandefjord. Han hadde 9 barn med henne.
1. Peter Fredrik Hedvard f. 1848 d. 1936. Jernbaneing. i USA.
2. Jensine Lorentze Arup f. 1850 d. 1930. Gift med skipskapt. Jacob Johannessen.
3. Julie Fredrikke f. 1851 d. 1930. Dameskredder.
4. Søren Martin f. 1854 d. 1966.
5. Johanne Henriette f. 1854 d. s.å.
6. Marthe Johanne f. 1856 d. s.å.
7. Laura Sussanne f. 1858 d. 1913. Gift med skipsfører Anders Bull.
8. Henry f. 1863 d. 1966.
9. Johan Moris f. 1865 d. 1866.

Johanne Kathrine Hauff Brodahl døydde i 1867 og Petter Marius Brodahl gifte seg oppatt i 1870 i Bergen med Johanne Marie Henriette Bull, dotter av kjøpmann ? Bull i Kristiania. Også i dette ekteskapet vart det 9 born.
10. Johan Ernst Olaus f. 1871 d. 1948. Lektor og historikar i Trondheim.
11. Birger Henry Robert f. 1872 d. 1944. Disponent i Trondheim gift med 1. Helga Marie Dahl. 2. Olga Flach 3. Helga Emilie Hagen.
12. Alfred Jacob Borge Garmann f. 1874 d. 1930. Dampskipsførar g.m. Aslaug Marie Aune.
13. Petter Marius f. 1876 d. 1895. Stud jur.
14. Johan Henrik f. 1878 d. 1893.
15. Hildur Kristine f. 1880 d. 1929. Husholder.
16. Lauritz Andreas f. 1882. Bokhaldar. G.m. Agnes Flach
17. Olaus tv. f. 1884 død s.å.
18. Dagny Marie tv. f. 1884 d. 1903.

---

Til Orkdal kyrkje er gitt gåve på kr. 1000,— frå NN. Gjølme. Gåva vil bli brukt til oppussing av knefallet rundt alterringen. Takk for gåva!

*Nye medhjelparar Moe kyrkje*
Søndag 22.1. blei Brage Fagerli og Einar Sandvik innsett som nye medhjelparar i Moe kyrkje. Samstundes fekk Marta Fagerli og Ivar Ljøkjel overrekt gåve, Marta Fagerli for 5 års formannsjobb i sokneradet, og Ivar Ljøkjel for 21 år som medhjelpar. Olav Øvervik som og sluttar som medhjelpar kunne ikkje møte p.g.a. sjukdom.



## *På første dag i veka*

Bildet ovanfor er St.Olavsfiguren på kyrkjeklokka i Moster kyrkje, Norges eldste gudshus. Tusenvis av andre kyrkjeklokker i landet ringjer saman med denne til samling om Guds ord.

*12/2 1. s. i faste*

Orkdal k. kl. 11 Høgmesse v/prost Rogstad.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar.

Moe k. kl. 11 Høgmesse v/kallskap. Slettahjell.

*19/2 2. s. i faste*

Orkanger k. kl. 11 Høgmesse v/prost Rogstad.

Geitastrand k. kl. 11 Høgmesse v/ res.kap. Eidhamar. Buss frå Råbygda.

Støylen kole kl. 11 kallskap. Slettahjell.

Moe kyrkje kl. 16. Gudst. v/res.kap. Ungdom i Oppdrag. Nattv.

*26/2 3. s. i faste*

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v/kallskap. Slettahjell.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v/res.kap. Eidhamar.

*Fredag 3. mars, Kvinnenes internasjonale Bønedag*

Orkanger k. kl. 18.

Moe k. kl. 20.

*5/3 4. s. i faste*

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v/dr.teol. professor Inge Lønning og prost Rogstad. Torshuskoret.

## Refleksjonar på Costa blancakysten

Sola stig gloraud opp av Middelhavet — langt aust over Palestina ein stad, tenkjer vi oss. Her har det vore utspela verkeleg historie. Kulturkamp og våpengny. Spania er ikkje framand for romersk historie, og vakttårna etter maurane ragar enno over mange haugar. Det er ikkje fritt for at vi synest mange spanjolar her har mange arabiske drag over seg. Var Paulus her i si tid kanskje? I alle tilfeller er Spania eit katolsk land. Kyrkjene og katedralane er synlege merker for det.

«Leve republikken», såg vi på ei veggskrift i byen Pego. Men elles var det ikkje eit tegn på politisk uro. Spanjolane her på søraustkysten er liketil og ærlege. Vi var på barbersalong i Villajoyosa og klipte oss til spottpris. Medan vi venta, las eg i ærbare spanske blad, men når ein klippestol blei ledig og eg skulle vente der trakk barberen fram ei spesialskuff med varierte nakenblad. Han kjente nordbuen sitt behov tydelegvis. Elles også fekk vi fleire inntrykk av at turistane ikkje berre hadde gitt det gode inntrykk på si ferd. Det er ingen grunn for oss nordmenn å kome hovmodig og brautande til det spanske folk. Moralskt sett låg dei tydelegvis fleire hakk over oss. Ei ferd til andre folk får jekka hovmotet vesentleg ned.

I Spania forsto vi også norsk industri sitt problem på sine vaklande leirføtter. Eksportsjansane våre syntes små når vi møtte spansk prisnivå. Men historisk sett opplever vi no det same som Spania på slutten av 1500 talet med sitt koloniveldes rikdoms krakk. Noen veker i førjulssola på Costa Blancakysten lærer oss at vår framtid er avhengig av folkemoral, statsmoral og viljen til å stoppe velstandsauken. Enklare livsform er vår einaste sjanse. Men det forstår ikkje Ola Nordmann.

Eksotiske marknader, blomsterprakt og badeliv midtvinters, folkeliv og spansk mat, historiske minnesmerker, dyreparker og palmehagar. Spania er eit lærerikt korrektiv i mangt.

---

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/kallkap. Slettahjell og feltprest Knut Harald Sæth. Nattverd.

Offer til Kristent arbeid blant soldater.

Moe kirke kl. 11 ved feltprest Tormod Høyem. Offer til Kristent arbeid blant soldater.

*12/3 Maria Bodskapsdag*

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/ prost Rogstad.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v/ res.kap. Eidhamar. Nattv .

---

*Vi gratulerer*

Sverre Tinnå og Gjølme og Geitastrand misjonsforeningar med glimrande TV. program 29.1. Dei gamle er ikkje berre eldst, men også best. Vi er stolte og glade.

---



## *La oss takke*

— for misjonsforeningane.
— for våre misjons- og bedehus.
— for kateketen i Orkdal prestegjeld.

## *La oss be*

— for konfirmantane.
— for dei som har ansvar for konfirmantførebuinga.
— for konfirmantforeldra.